



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Christian Johan Alstad, 5557 2112

Vår dato  
04.03.2015  
Dykkar dato  
18.02.2015

Vår referanse  
2015/2771 421.3  
Dykkar referanse  
14/1401

Vaksdal kommune  
Konsul Jebsensgate 16  
5722 Dalekvam

### Offentleg ettersyn - Vaksdal - kommuneplan 2016 - 2025 - planprogram

Vi viser til brev dagsett 18.02.2015, dykkar ref. 14/1401 – 15/1012, med uttalefrist 03.04. 2015. Saka gjeld høyring av planprogram for rullering av kommuneplanen i Vaksdal 2016-2025. Både arealdelen og samfunnssdelen til kommuneplanen skal rullerast.

Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosess, medverknad, og behov for utgreiningar, jf. plan- og bygningsloven (tbl) § 4-1 andre ledd. Framlegg til planprogram avgrensar fire tema som får særleg fokus i det vidare planarbeidet:

- *folkevekst*
- *bustadutvikling*
- *næringsutvikling*
- *samferdsle.*

Det er viktig å spisse planarbeidet for å sikre framdrift og prioritere ressursar. Avgrensinga synest å vere tenleg når det gjeld utfordringane som er skisserte.

#### Føremål og visjon

I den kommunale planstrategien 2012 for Vaksdal kommune har kommunestyret vedteke at kommuneplanen med samfunnssdel og arealdel skal rullerast med «*omsyn til busetnad i indre strøk av kommunen, næringsareal og bustadareal nær Bergen*». Planprogrammet stiller spørsmål om visjonen «*bynært bygdeliv*» frå gjeldande kommuneplan kan gjelde også for komande planperiode. Eit innspeil til vidare vurderingar av bynært bygdeliv er å diskutere transportbehovet som ligg i denne visjonen.

#### Medverknad

Planprogrammet legg til rette for medverknad etter krava i pbl. § 5. Vi vil likevel presisere at kommunen har eit særleg ansvar for at born og unge og deira vilkår får ein plass i planarbeidet, jf. pbl. § 5-1 andre ledd.

#### Vurdering av innspeil til planarbeidet

Det er fornuftig at kommunen stiller direkte krav til utforming av innspeil til arealdelen. Kommunen bør i tillegg vurdere om det er mogeleg å vere tydelegare på kva type innspeil ein i hovudsak ønsker, og eventuelt på korleis dei ulike innspeila vil verte vurderte. Ved å vere tydelegare på kva type innspeil ein ønsker og å definere eit sett silingskriterier, vert prosessen meir føreseileg.

## Nasjonale føringer

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen, jf. pbl. § 11-1 andre ledd.

Planprogrammet viser til at nasjonale forventningar til kommunal planlegging og vedtekne regionale planar skal ligge til grunn for den vidare planprosessen. Fylkesmannen vil peike på fleire nasjonale føringer som må ligge til grunn for planprosessar på kommunalt nivå:

- Rundskriv T-2/08 Rikspolitisk retningslinje for å styrke barn og unges interesser i planlegginga
- Retningslinje T-1442 Støy i arealplanlegging
- Rundskriv T-5/97 om arealplanlegging og utbygging i fareområder
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen. (25.03.2011)
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (26.09.2014)

## Utgreiingsbehov

Gjennom kommuneplanarbeidet skal ein prioritere og gjere ei overordna vurdering av kor og korleis utvikling kan og bør skje. Før ein drøftar konkrete arealføremål og lokalisering bør utgreiingsarbeid og vurderingsgrunnlag vere på plass.

I brevet frå miljøvernministeren av 31.08.2012 til Fylkesmennene går det mellom anna fram at Fylkesmannen bør «*..se til at kommunene i sin kommuneplanlegging lager arealregnskap som avklarer arealreserver og arealbehov til bl.a. boliger og setter opp mål for volum og mønster for utbygginga.*» For å kunne legge langsiktige og framtidsretta strategiar for til dømes bustadutvikling og næring kan det vere tenleg å utarbeide ein behovsanalyse. Med ein behovsanalyse og vareoppteljing vil ein ha eit grunnlag for å planlegge nye, og eventuelt avdekke behovet for å transformere eksisterande område. Slik planlegging kan også avdekke moglege synergieffektar eller uheldige samlokaliseringar.

All utbygging har verknad på landskapet. Det er i første rekke kommunane som forvaltar landskapet gjennom arealplanlegging etter plan- og bygningslova. Kommuneplanen må difor sikre at nye byggjeområde og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene. Ved å utarbeide ein landskapsanalyse på kommuneplannivå, vil ein først kunne avklare landskapsverdiane for så å peike ut alternative utviklingsretningar og arealstrategiar.

For område langs vassdrag som har verknad for natur-, kulturmiljø- og friluftsinteresser, skal kommunen i kommuneplanens arealdel vurdere å fastsette grense på inntil 100 meter der bestemte tiltak ikkje skal vere tillatne, jf. pbl. § 1-8 femte ledd.

Fylkesmannen tilrår å ta i bruk T-1491 *Kommuneplanens arealdel* og T-1492 *Kommuneplanprosessen – samfunnssdelen - handlingsdelen* i det vidare arbeidet med utarbeiding av kommuneplanen.

## Risiko og sårbarheit

ROS-analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsformål, og eventuelle endringar i risiko- og sårbarheitsforhold, som følgje av planlagt utbygging jf. pbl. § 4-3. Det er også ei forventning som går fram av pbl. § 3-1 punkt h. Vaksdal kommune har gjennomført overordna ROS-analyse høsten 2014. Denne

viser at ei av kommunen sine største utfordringar og påkjenningar er trafikkulukker. Fylkesmannen er også kjent med at skred- og flaumproblematikk er ei høgaktuell problemstilling. I det vidare ROS-arbeidet må kommunen ta stilling til kva risikoprofil ein ønskjer å ha, m.a. gjennom fastsetting av akseptkriteria til bruk i ROS-arbeidet i arealplansamanheng. På nokre område er akseptkriteria alt definert i lov- og forskriftsverk, t.d. som for flaum og skred, jf. krav i byggteknisk forskrift (TEK 10) med tilhøyrande rettleiing, medan kommunen sjølv må fastsetje akseptkriteria på andre område. I sistnemnde tilfelle vil vi tilrå å nytte tilsvarende kriteria som for flaum og skred for å gjere arbeidet lettast mogeleg. Vi vil også tilrå at kommunen tek utgangspunkt i ROS-analysen for å definere kva areal som er eigna for framtidig utbygging.

### **Konsekvensutgreiing**

Planprogrammet gjer greie for innhaldet i konsekvensutgreiingsprogrammet. Vi gjer merksam på at det også skal lagast ein samanfatning av samla konsekvens av planframleggget.

### **Folkehelse**

I følgje planprogrammet skal folkehelse ivaretakast innanfor kvart av hovudtemaa for rulleringa. Fylkesmannen vil i den samanheng gjere merksam på at alle planar etter plan- og bygningslova skal bidra til å fremje folkehelsa og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl. § 3-1. Vi minner også om kravet til at kommunen skal lage eit oversiktssdokument over helse-tilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som påverkar denne som kunnskapsgrunnlag for kommunens neste planstrategi og vidare samfunnsplanlegging, jf. folkehelselova kap. 2, §§ 4 og 5.

### **Folkevekst og bustadutvikling**

Folketalsframskrivningar for kommunen syner ein auke på om lag 500 personar fram til år 2040. Planprogrammet peiker ut Vaksdal, Stanghelle og Dale som område som i hovudsak må dimensjonerast for å ta i mot denne veksten. Fylkesmannen er positiv til ein differensiert arealpolitikk med tydelege grenser mellom sentrum og omland. Fortetting og transformasjon i sentrum framfor spreiing av sentrumsområde er ei nasjonal forventning.

Plassering og utvikling av bustadområde har innverknad på klima, areal og transportbehov. Nærleik til kollektivaksar bør difor vektleggjast ved lokalisering av bustader. Det er eit mål at utslepp frå vegtrafikken i Hordaland skal reduserast med 30 % innan år 2030. Meir effektiv arealbruk er ein sentral strategi for å nå klimamålet.

Ved gjennomgang av kommuneplanar rettar Fylkesmannen særleg merksemd på bustadutbygging. Lovverket har fått større rekkevidde i tråd med samfunnsutviklinga, og er eit viktig verkemiddel for å påverka bustadpolitikken og bustadmarknaden på mange felt. Det gjeld også bustadtrongen for grupper som normalt har vanskeleg for å koma inn på bustadmarknaden, som t.d. flyktingar. I brev av 04.07.2014 frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har Fylkesmannen i Hordaland fått eit ekstra ansvar når det gjeld å følge opp busetting av flyktingar i fylket, og skal sjå til at kommunane buset fleire flyktingar.

### **Næring**

Kommunen søker å finne nye næringsvegar og måtar å arbeide på i kommunen gjennom planarbeidet. Det er utfordrande på eit overordna nivå å planlegge for ein eksakt type næring, då det avheng av næringslivets behov, etterspørsel og initiativ. Likevel vil det kunne vere føremålstenleg å peike ut nokre utviklingsretningar. Det kan innebere ei geografisk differensiering

i høve til om næringa er publikumsretta, arbeids- eller plassintensiv, primærnæring eller kultur- og reiselivbasert. Slike ulike næringar vil ha ulike behov, og stelle seg ulikt med om-syn til krav til infrastruktur, naturmangfald, bustadområde og sentrumsfunksjonar.

### **Samferdsle**

KVU med alternative løysingar for ny E16 og jernbane for strekninga Voss-Arna er p.t ikkje avgjort. Fylkesmannen ser utfordringane Vaksdal har med å handtere eit så omfattande samferdsleprosjekt som truleg vil gå gjennom kommunen. Det er førebels uklart kor kryss, avkjøringar, stasjonar mv. skal etablerast. Lokalisering av slike tiltak vil legge premissar for framtidig samfunnsutvikling. Vi finn det difor positivt at kommunen vil etablere alternative strategiar for å tilpasse seg dei planmessige utfordringane dette vil skape. Erfaringar frå andre samferdsleprosjekt i fylket tilseier at eigna areal for massehandtering er utfordrande å få på plass dersom ikkje arealdelen i kommuneplanen har avsett slike område. Vi tilrår nær dialog med Statens vegvesen og Jernbaneverket om samferdsleutfordringane kommunen står overfor.

Vi ønskjer lukke til med planarbeidet!

Med helsing

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

Arve Meidell  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*